

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.06.2008
Sakhandsamar: Leif Johan Røthe, Terje Arne Krokvik, Hans Stenby
Saka gjeld: **MOBA 3. etasje innreiing, Helse Stavanger HF**

Arkivsak
2007/617/
Styresak 076/08 B

Styremøte 25.06. 2008

Bakgrunn

Styret i Helse Vest RHF behandla saka om MOBA 3 etasje innreiing Helse Stavanger HF i sak 40/08 B og det blei fatta følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Vest RHF ser positivt å innreiing av ny 3. etasje MOBA.*
2. *Styret i Helse Vest RHF ønskjer likevel ikkje å ta stilling til innreiing av 3. etasje MOBA før følgjande forhold er avklara:*
 - a) *Helse Stavanger må dokumentera at dei har kontroll over kostnadsutviklinga i føretaket*
 - b) *Helse Stavanger må avklare kostnadsnivået til BUPA og eventuelt andre prioriterte prosjekt*
 - c) *Helse Stavanger må oppdatere sin investeringsplan for 2008 samt den 5 årige investeringsplanen*
 - d) *Helse Stavanger må utarbeide fornya dokumentasjon på driftskonsekvensane knytt til innreiing av 3. etasje samt korleis ledige areal i eksisterande byggingsmasse skal nyttast.*
 - e) *Lånesøknad på kr 100 mill blir tatt opp med Helse- og omsorgsdepartementet parallelt med dette arbeidet.*

Kommentar

Resultatet til Helse Stavanger ligg no etter 5 månaders drift 47,6 millionar kroner dårlegare enn budsjett (inkludert salgsgevinst på 6,5 millionar kroner).
Korrigert for salgsgevinst ved sal av Sandnes sjukehus på 6,5 millionar kroner er resultatavviket på 54,1 millionar kroner.

Føretaket arbeider no aktivt med fleire tiltak for å redusere den negative resultatutviklinga. Det er heilt avgjerande at Helse Stavanger gjennom dei tiltaka som no er sett i verk får kontroll på drifta.

Kostnadsramma for 3. etg. MOBA som ligg i styrevedtaket i Helse Stavanger HF på kr 212 mill. er basert på ein kalkyle med 85 % sikkerheit, dvs at det er 85 % sikkerheit for at kostnaden ikkje vil bli høgare.

Helse Stavanger har i sak 111/07 B gjort greie for det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringsplanane. I denne saka var det føresett å finansiera MOBA 3. etasje innafor ramma av kapitaltilskot og at det ikkje var behov for å ta opp lån til prosjektet. Helse Stavanger har no hatt ein

fornya gjennomgang på investeringsplanen i sin styresak 049/08 B Revidert investeringsbudsjett 2008. I denne saka er det utarbeida ein førebels revidert 5-årig investeringsplan. I planen har Helse Stavanger gjort omprioriteringar på investeringsprosjekta med omsyn til når dei enkelte prosjekta blir fasa inn i tid. Styret i Helse Stavanger tok saka til orientering og ny investeringsplan vil bli lagt fram for styret i Helse Stavanger i august.

Førebels revidert 5-årig investeringsplan er no som følger:

Spesifikasjon av investeringsprosjekt	Alle tall i hele mill. kroner						
	Investering/kontraktverdi						
	Prognose 2007	2008	2009	2010	2011	2012	senere
BUP	10	5	100	125			
Stavanger DPS	1	17	5	80	72		
MOBA	87	110					
MOBA ny etasje (prisnivå juni 07)	34	26	100	52			
Kjøkken			15				
Nødstrøm			5	15			
Kjøleanlegg		2	31	20			
Utvikling av SUS på Våland				30	10	113	
Sum nybygg/større ombygg	121	160	256	322	82	113	0
SUM medisinskteknisk utstyr (MTU)	53	126	57	37	57	58	
SUM andre investeringer	60	58	58	58	62	63	0
SUM investeringsforslag	234	344	371	417	201	234	0

Helse Stavanger har lagt til grunn følgjande føresetnad for førebels finansieringsplan:

Finansiering:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	senere
Investering-/likvidramme	192	284	284	284	284	284	
Salg av boliger 2006	30	32					
Salg av Sandnes sykehus og boliger 2008		15					
Gave sykehuset i våre hender		10					
Lån							
BUP	100						
MOBA	50						
MOBA, 3. etasje			100				
Stavanger DPS				150			
Avdrag lån	-24	-29	-29	-32	-32	-32	
Invest HV-IKT AS	-23	-23	-15	-15	-23	-23	
SUM FINANSIERING	325	289	340	387	229	229	0
Likviditetssover-/underskudd knytt til investeringar	91	-55	-31	-30	28	-5	
Akkumulert likviditet	91	36	5	-25	3	-2	

Tabellen viser at Helse Stavanger i 2007 investerte 91 mill mindre enn det som var til rådvelde for finansiering av investeringar. Helse Stavanger er allereie i ein trekkposisjon på kassekreditte. Samtidig hadde helseføretaket kr 160 mill i underskot i 2007. Likviditet knytt til sal av bustad på kr 30 mill og lån til BUP på kr 100 mill er førebels gått med til å finansiere underskotet. Dette inneber at investeringane i 2008 og framover vil belaste trekke på driftskreditt tilsvarande.

I 2009 har Helse Stavanger føresett lån på kr 100 mill for å finansiera MOBA 3. etasje. Kostnadsnivået samt framdrift i prosjekta er og vurdert på nytt. Med bakgrunn i desse vurderingane treng Helse Stavanger ytterlegare kr 150 mill i lån i 2010 for å kunne finansiera Stavanger DPS.

Helse Stavanger HF har no bede Helse Vest om eit lån på kr 100 mill til finansiering av MOBA 3. etasje. Helse Vest vil følgje dette opp med Helse- og omsorgsdepartementet (jfr. Vedtaket i sak 40/08 B punkt e). Når det gjeld lån på kr 150 mill til finansiering av Stavanger DPS, må dette bli vurdert i samband med budsjettet for 2010.

Det er usikkerheit knytt til begge desse låna og Helse Stavanger må difor ha beredskap for å gjere nødvendige omprioriteringar dersom det ikkje blir gitt lån som føreset.

Det kan veravanskeleg å tilrå at BUP og Stavanger DPS skal utsettast i tid. Då gjenstår effektivisering av drifta, dersom ein ikkje får lån. P.t. slit føretaket med dei økonomiske leveransane og leverar underskot for 2007 og underskot så langt i 2008.

Innreiinga av 3. etasje vil gje Helse Stavanger ein auka kostnad til renter, avskrivning og drift på om lag kr 26 mill. I dette beløpet inngår kr 12 mill til renter av lån, kr 4 mill til driftskostnader og kr 10 mill til bemanning i samband med luftsmitte-isolat. Desse nye kostnadane må Helse Stavanger dekkja innafør den ordinære drifta. Helse Stavanger har føreset å dekkja dei auka kostnadane ved effektivisering av drifta. Dei har då unntatt nye isolat som er ein ny funksjon. Frå Helse Vest si side er det viktig å understreka at Helse Stavanger og må dekkja drift av dei nye isolata innafør det samla budsjettoplegget til Helse Stavanger.

Helse Stavanger har ikkje utarbeida konkret plan for korleis føretaket skal gjennomføra denne effektiviseringa, men har vist til fleire mulige effektiviseringsområde. Dette gjeld mellom anna:

- Frigjering av sengekapasitet når nye isolatsenger tas i bruk
- Auka bruk av intervensjonsteknikk vil redusere liggetida for pasientar og redusert ressursbruk ved inngrep. Dette vil redusere sengebehovet (frigjere sengekapasitet til nye pasientar)
- Samhandling røntgen/kardiolog på PCI-senter vil gjere det mulig å behandle pasientar poliklinisk eller som dagbehandling i staden som inneliggjande.
- Samordning intensiv/postoperativ-/intermediær senger vil kunne gje stordriftsfordelar knytt til turnusar og bruk av personell.
- Samordning nye isolat/intensiv

Helse Stavanger må ha fullt fokus på dei nødvendige prosessar for å kunne ta ut effektiviseringsgevinstane som ligg som føresetnad for gjennomføring av prosjektet MOBA 3. etasje. Så langt administrerande direktør kan sjå gjenstår framleis ein del av dei effektiviseringstiltaka Helse Stavanger skulle gjennomføra etter realisering av pasienthotellet og MOBA.

Etter ei samla vurdering vil administrerande direktør tilrå å godkjenne innreiing av 3. etasje i MOBA-bygget, under føresetnad av at Helse Vest og Helse Stavanger blir tilført nødvendig likviditet til å gjennomføra utbyggingsprosjekt.

Forslag til vedtak:

Styret i Helse Vest RHF godkjenner at Helse Stavanger kan realisera 3. etg. MOBA under følgjande føresetnader:

1. Lån på kr 100 mill blir innvilga av HOD. Oppstart av plan og byggeprosess kan ikkje igangsettast før lånetilsagn ligg føre.
2. Helse Stavanger finansierer kostnadene til finansiering og drift innafør tildelte rammer frå Helse Vest.